



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/990 - 22/8817

Saksbehandlar:  
Hilde Avlås Grande

Dato:  
26.08.2022

## **Søknad på høyring – Dispensasjon frå LNF føremål, byggjegrænse mot sjø (pbl § 1-8) og avstand frå nabogrense (pbl § 29-4) for naust og terrasse – gbnr 41/28**

Vaksdal kommune har til handsaming ein søknad om riving av eksisterande uthus og oppføring av naust på nemnde eigedom.

Eigedomen er i dagens KPA avsett til LNF føremål, men eigedomen ligg i eit område kor det tidlegare er skilt ut og bygd ein rekke fritidsbustader langs sjøen. Eigedomen er etablert som fritidsbustadeigedom og ligg ved sjø.

Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå LNF-føremålet i KPA, byggjeforbodet i strandsona og føresegna om avstand til nabogrense.

Det er søkt om dispensasjon, sjå vedlegg.

På staden kor naustet skal førast opp står det i dag eit noko mindre uthus. Uthuset vil verte rive.

Vaksdal kommune har gjeve dispensasjon/løyve til ei rekke naust i området, med arealstørrelsar varierende frå ca 30 m<sup>2</sup> – 40 m<sup>2</sup> og høgde inntil 5 meter (gamal KPA hadde 5 meters høgdeavgrensing for naust i naustområda).

Dagens KPA sine føresegner om utforming av naust i områda avsett til naustføremål, gjer ein avgrensing på 40 m<sup>2</sup> BRA og 5,5 meter mønehøgde frå lågaste terreng under naustet.

Vaksdal kommune vurderer at det illustrerte naust i denne saka (det vert kun søkt om dispensasjon i denne omgang) kan verte noko for høg i forhold til denne avgrensinga, då det ikkje ser ut som om høgdemålet er satt frå lågaste terreng under naustet. Eit evt. vedtak om dispensasjon vil ein difor berre gi på vilkår om at høgda skal vere i samsvar med KPA si avgrensing.

Når det gjeld sjølve dispensasjonsvurderinga vedr. LNF og byggjegrænse mot sjø, er det Vaksdal kommune si innleiande vurdering at vilkåra for dispensasjon er oppfylt for tiltaket. Dette grunngjevast med at arealet allereie er bygd med eit uthus, som vert erstatta. Avstanden frå nabogrensa og merka sti aukar i høve

dagens situasjon med uthuset. Området er i all hovudsak privatisert, men det er lagt til rette for gode fellesområde/fellesareal som nyttast av ålmenta. Fjernverknader av tiltaket vurderast ikkje å vere framand i området som har ei rekke naust i strandsona. Tiltaket vil ikkje i nemnande grad råke natur- eller kulturmiljø i strandsona meir enn dagens situasjon. Naustet plasserast ved eksisterande båtslepp, og vil gi økt funksjonalitet for båtbruk og opplag av båt på eigedomen.

Ein ber om Statsforvaltarens uttale til søknaden, før denne ferdighandsamast i kommunen.

Med helsing

Stian Reime  
Einingsleiar

Hilde Avløs Grande  
Byggjesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Gbnr 41/28 - Søknad om dispensasjon for riving av uthus og oppføring av naust med markterrasse

Søknad om dispensasjon for riving av uthus og oppføring av naust med markterrasse ved gbnr 4128

Redegjørelse

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel

Merknader naust 41-28 arkoconsult.

Kommentar til nabomerknad

Situasjonsplan

Snitt

Fasade

Plan

**Mottakarar:**

6863

LEIKANGER